



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	08.04.2014
Tid:	13:30 – 15:15

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP

Forfall:

Per Kristian Furø	MEDL	AP
-------------------	------	----

Varamedlemer som møtte:

Henry Jøsokbakke	Per Kristian Furø	V
------------------	-------------------	---

Andre:

Sekretær Hilde B. Skinnes
Rådmann Erlend Krumsvik
Økonomileiar Geir Egil Olsen
Bustadkonsulent Gry Dragsund-Vike
Eigedomsleiar Robert Myklebust

Margaret Leinebø kom i møte kl. 13:50 etter handsaming av F-sak 56/14.

Tilstades var 8 faste og 1 vara, fulltalig.

Desse skriva vart delt ut i møtet:

Tilråding frå Komite helse og omsorg i F-sak 57/14
Notat frå rådmannen – Budsjettsituasjonen for 2014

Notat frå rådmannen – Vidare prosess med Refa Group AS
Epost frå Camilla. S. Hermansen vedr. sommarfest for kommunestyret

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart desse valde:
Henry Jøsokbakke og Tor Sindre Steinsvik

Komitè til Sommarfest:

Kaja Runde, Camilla S. Hermansen, Olaug Andreassen, Margaret Leinebø, Henry Jøsokbakke og Dag Nærø. Camilla S. Hermansen har ansvaret for å kalle inn komiteen.

Notat – Budsjettsituasjonen for 2014: Økonomileiar Geir Egil Olsen orienterte.

Notat – Vidare prosess med Refa Group AS: Vert tatt til vitande

Spørsmål frå Kjell Runde: I førre kommunestyremøte orienterte styreleiar i Sunnmørsbadet AS om økonomien i Sunnmørsbadet AS. Det vart observert at dagleg leiar ved Sunnmørsbadet AS Karl Petter Sortehaug ikkje gjekk frå i det lukka møtet.

Ordførar, Arnulf Goksøyr reiste habilitetsspørsmål då han er styreleiar i Sunnmørsbadet AS. Han gjekk frå under handsaming av habilitet. Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav e.

Varaordførar Tor Sindre Steinsvik leia møtet og svarte slik på spørsmålet:

Dagleg leiar for Sunnmørsbadet AS, Karl Petter Sortehaug, var part i saka og i forkant bedt om å vere til stades for utfyllande informasjon om det skulle bli behov for det.

Henry Jøsokbakke

Arnulf Goksøyr

Tor Sindre Steinsvik

underskrifter

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 51/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 52/14	Protokoll frå førre møte
PS 53/14	Delegerte saker
PS 54/14	Referatsaker
PS 55/14	Drifts - vedlikehaldsavtale for Gurskøy kunstgrasbane.
PS 56/14	Slutthandsaming utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og BT Utbygging as
PS 57/14	Herøy omsorgssenter - gul avdeling - søknad om mellombels godkjenning
PS 58/14	Sal av Jacobsenhuset
PS 59/14	Søknad om startlån – u.off. §13
PS 60/14	Søknad om startlån – u.off. §13

Delegerte saker frå avdelingane

DS 11/14 Svein Hugås - Kjøp av bustadtomt - Gnr. 45 bnr. 162 i Dragsund

Referatsaker

- RS 24/14 Oversending av område- og anleggskonsesjonar i forbindelse med fusjon Tafjord Kraftnett AS og Tussa Nett AS
- RS 25/14 VS: Seilingsløp Vaulane og nye bruer - Fv 20 Nerlandsøybrua og Fv 18 Remyøybrua - Herøy kommune - Møre og Romsdal
- RS 26/14 Årsmøte i opplæringskontoret for år 2013

PS 51/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknad til innkalling og sakliste

PS 52/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 53/14 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 54/14 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre.

PS 55/14 DRIFTS - VEDLIKEHALDSAVTALE FOR GURSKØY KUNSTGRASBANE.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.04.2014

1. Utkast til samarbeidsavtale om drift og vedlikehald av Gurskøy kunstgrasbane på Leikong mellom Gurskøy idrettslag og Herøy kommune v/ Anlegg og driftsavdelinga vert godkjent.
2. Anlegg og driftsleiar får fullmakt til å underteikne avtalen på vegne av kommunen.

3. For kjøp av vedlikeholdstenestene som framgår av avtalen, betaler Herøy kommune frå 01.01.2014 ein årleg sum til Gurskøy idrettslag på kr. 60.000,-
4. Teneste 5125 «Idrett» får i driftsbudsjettet for 2014 ei tilleggsøyving på kr 110.000,- til dekking av tenestekjøp under pkt. 3 medrekna auke i tilleggskostnader. Tilleggsøyvinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Søknaden om økonomisk støtte til kjøp av traktor vert ikkje imøtekommen.

PS 56/14 SLUTTHANDSAMING UTBYGGINGSAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG BT UTBYGGING AS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.04.2014

1. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og BT Utbygging vert godkjent.
2. Ordførar får fullmakt til å signere utbyggingsavtalen på vegne av Herøy kommune.

PS 57/14 HERØY OMSORGSSENTER - GUL AVDELING - SØKNAD OM MELLOMBELS GODKJENNING

Møtebehandling:

Tilråding frå Helse og omsorgskomiteen vart delt ut i møtet.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.04.2014

1. Kommunestyret godkjenner Sjukeheimvegen 5 B mellombels som sjukeheimsavdeling for Herøy omsorgssenter – gul avdeling – til utgangen av 31.12.2016.

PS 58/14 SAL AV JACOBSENHuset

Møtebehandling:

Eigedomsløiar Robert Myklebust orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.04.2014

1. Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til å selje eigedomen gnr. 34 bnr. 36 – Jacobsenhuset - til høgstbydande etter forutgåande marknadsføring og budrunde.

PS 59/14 SØKNAD OM STARTLÅN

PS 60/14 SØKNAD OM STARTLÅN

MØTET SLUTT!